

## Saksprotokoll i finansutvalet - 28.10.2021

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleiar i fakultetsstyret på det matematisk-naturvitenskaplege fakultet. **Natalia Golis (MDG)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er kjæraste med administrerande direktør i stiftinga Akvariet i Bergen. Hestetun og Golis gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Finansutvalet vedtok samrøystes at dei var habile. Hestetun og Golis tiltredde saksbehandlinga.

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 3

- Ferjeavløysing vert å omtala særskilt i eige avsnitt»

### Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Finansutvalet gjer følgjande prosessvedtak:

1. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Statsbudsjettet for 2022 - hovudbilete
  - Vedlagt løypemelding om klimabudsjettet
  - Gjenståande budsjettprosess
2. Finansutvalet tek følgjande orienteringar til vitande;
  - Endringar rammetilskot
  - Løns- og prisvekst
  - Oversyn økonomi Vestland fylkeskommune etter statsbudsjettet
3. Finansutvalet tek følgjande orienteringar om presentert investeringsbudsjett for 2022- 2025 til vitande;
  - Omrekning av rammene til 2022- kr
  - Nye moment sidan førre møte; eigedom og kollektiv
  - Investeringsbudsjett for fylkesveg 2022- 2025 med midlar til investeringsprosjekt og rassikring som vert fordelt gjennom arbeidet med RTP.
  - Ferjeavløysing vert å omtala særskilt i eige avsnitt.
4. Finansutvalet tek følgjande orienteringar for presentert driftsbudsjett for 2022 til vitande;
  - Omrekning av rammene til 2022-kr
  - Endringar som følgje av statsbudsjettet
  - Oppdaterte sektorrammer